



Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7B
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2014/032153-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.04.2014

Svar på førespurnad vedrørende utbetring av eksisterande landbruksavkjørsel. Fv. 409 - gnr. 18 bnr. 5 - Villanger.

Vi syner til brevet ditt dagsett 17.03.2014.

Av brevet går det fram at landbruksavkjørslene frå fylkesveg 409 til bruk nr. 5 aust for kryssinga av Villangervågen ikkje lenger er brukande på grunn av heva vegdekke og støypt rekkverk på sørsida. Det går vidare fram at det er planlagt eit arrangement i området 21. juni 2014 og i denne samanhengen er ønskjeleg å utbetra avkjørslene slik at ein får tilgang til arealet med traktor med hengjar, liten lastebil og liknande.

Statens vegvesen var på synfaring på staden den 14.04.14. Avkjørslene tiltakshavar ynskjer å utbetre er to eldre landbruksavkøyrslar. Dersom ein skal leggje desse til rette for liten lastebil /større kjøretøy vil dette i utgangspunktet krevje ein svingradius på 9 meter (18 meter i diameter) på begge sider av fylkesvegen. Statens vegvesen kan ikkje sjå at dette vil være mogeleg å få til utan å gjere vesentlege terrenginngrep i LNF-område og strandsone.

Sjølv om det skulle være mogeleg å få dette til reint vegteknisk må eit slikt tiltak avklarast etter plan- og bygningslova før Statens vegvesen handsamar ein eventuell søknad om utvida/endra bruk etter veglova. Tiltakshavar må sjølv pårekna å ta det økonomiske ansvaret med ei eventuell utbetring av avkjørslene.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Ingelin Garen
Ingelin Garen

Kopi: Radøy kommune, Radøyvegen 1690. 5936 MANGER

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52